

Otta, 9. februar 2010
Pressemelding 9. februar 2010

GUDBRANDSDALSMAT BA DOBLA OMSETNINGA FRÅ 2008 TIL 2009

Gudbrandsdalsmat BA er eit andelslag med 19 småskala matprodusentar frå Lillehammer i sør til Lesja i nord, og Skjåk i vest. Hovudoppgåvene til andelslaget er salg, marknadsføring og distribusjon av lokale matprodukt.

Gudbrandsdalsmat BA (GMBA) vart stifta i 2006 og har sidan det arbeidd med å bygge opp eit system for salg, marknadsføring og distribusjon av lokal mat i Gudbrandsdalen. 2009 har vore det året mange butikkar og serveringsstader har fått augene opp for at kundane ønsker lokal mat. Foreløpige rekneskapstal for GMBA for 2009 viser dubla omsetning samanlikna med 2008. Det er særleg auke av salg til butikkar som er årsak til omsetningsauke.

GMBA har mange gode samarbeidspartar innan mat og reiseliv i Gudbrandsdalen. Ein viktig samarbeidspart er Opplæringskontoret Brimi-Kjøken (OBK). Under GMBA si årlege nettverkssamling for produsentane vil lærlingane i Opplæringskontoret Brimi-Kjøken bli orientert om, samt lage matrettar av råvarene.

Årets nettverkssamling er lagt til Valbjør Gard i Vågå torsdag 11 februar og pressa er invitert til å delta her frå og med lunsj kl 14:00.

Ta kontakt:

Dagleg leiar Gudbrandsdalsmat BA: Anette Svastuen, mob 97568805,
post@gudbrandsdalsmat.no.

Styreleiar Gudbrandsdalsmat BA: Marianne Stensgård, mob 90941702,
marianne.stensgard@skjaak.kommune.

Dagleg leiar Opplæringskontoret Brimi-Kjøken SA: Gry Helene Stavsen, mob
91778545, post@brimikjoken.no.

Sjå www.gudbrandsdalsmat.no.

Med venleg helsing
Anette Svastuen
Gudbrandsdalsmat BA
Postboks 39
2675 Otta
Tlf. 61 23 06 53 - 975 68 805
Fax 61 23 59 52
post@gudbrandsdalsmat.no
www.gudbrandsdalsmat.no